

Møtegodtgjersle for 2017 (justert med 2,51%)

11. Reglement for godtgjersle til folkevalde

Reglementet gjeld for folkevalde i kommunale verv – enten dei er direkte eller indirekte valde, eller valde som kommunen sin representant (dersom det ikkje vert gjeve økonomisk kompensasjon frå anna hald).

Med heimel i kommunelova §§ 41 og 42 har folkevalde rett til å få dekkta tap av inntekt, påførde utgifter og godtgjersle. Tap av inntekt og påførde utgifter som fylgje av kommunalt tillitsverv, vert å erstatta opptil eit visst beløp som kommunestyret vedtek. Vidare heiter det at det skal fastsetjast ulike satsar for legitimerte og ulegitimerte krav.

1. ORDFØRAR

Ordføraren skal ha fast godtgjersle tilsvarande 100 % stilling, fastsett årleg. Ordføraren skal ikkje ha godtgjersle for møteverksemd eller politisk arbeid i kommunen. Ordføraren skal ha pensjonsordning.

I dei tilfelle avgått ordførar ikkje kan gå tilbake til løna arbeid skal det betalast etterløn på inntil 3 månader. Utbetaling av etterløn skal vurderast av formannskapet etter søknad.

2 . VARAORDFØRAR

Dersom varaordføraren trer inn i ordføraren sin stilling td. ved sjukdom eller liknande får han/ho godtgjersle som ordførar. Varaordføraren får eit fast tillegg på kr 41 004,- utover det han/ho får som formannschaftsmedlem.

3. FAST GODTGJERSLE

3.1 Kommunestyret

Medlemer i kommunestyret får ei fast årleg godtgjersle på kr 12 352,-. Møtande varamedlemer får ei godtgjersle på kr 843,- pr. møte.

3.2 Formannskap

Formannskapet sine medlemmer får ei fast årleg godtgjersle på kr 40 427,-. Møtande varamedlemer får ei godtgjersle på kr 843,- pr. møte.

3.3 Utval for plan og utvikling

Leiaren i plan og utvikling får ei godtgjersle tilsvarande kr. 22 460,- i året. Medlame får ei godtgjersle tilsvarande kr 16 844,- i året. Varamedlemer får 843,- pr. møte.

3.4. Andre politiske utval

Leiaren i faste utval får ei godtgjersle tilsvarande kr 13 476,- i året. Medlemene får ei godtgjersle på kr 8 422,- i året. Varamedlemer får kr 673,- pr. møte. Dette gjeld og leiaren i kontrollutvalet, overformynderi og medlemane.

3.5. Andre nemnder, utval, råd og styre

Leiaren i andre kommunale nemnder, utval, råd og styre valde av kommunestyret, eller formannskapet får ei godtgjersle på kr 506,- pr. møte . Andre medlemmer i slike organ får ei

godtgjersle på kr 394,- pr. møte. Dette gjeld også for kommunalt valde representantar i andre styre og nemnder, der det ikkje vert betalt eiga godtgjersle.

3.6. Almene reglar

Folkevalde som tek i mot fast årleg godtgjersle vil få reduksjon dersom fråværet er meir enn 25 %.

Varafolk som deltek i ved handsaming av einskildsaker får halv godtgjersle

Den faste godtgjersle vert utbetalt to gongar i året.

4. MØTEGODTGJERSLE

Førebuing til politiske møte skal skje på fritida. Møtegodtgjersla er meint å vera kompensasjon for meirarbeid med politisk deltaking og førebuing på fritida. Gruppemøtet før kommunestyremøtet vert rekna inn i møtet med ein time.

4.1 Utbetaling

Sekretariatet har ansvar for at møtegodtgjersla vert utbetalt.

4.2 Unnateke for godtgjersle

Godtgjersle vert ikkje utbetalt til ordførar eller til tilsette i kommunen som deltek på møte i kraft av stillinga si.

4.3 Telefonmøte

Ved telefonmøte vert det gjeve ½ godtgjersle.

5. TAPT ARBEIDSFORTENESTE

Kommunelova seier at alle kommunale folkevalde har rett til erstatning for tap i ordinær inntekt som følgjer direkte av vervet. Ein har og rett til vederlag for dei utgiftene ein har på grunn av vervet, t.d. utgifter til barnepass/vikarinnleige.

Folkevalde som har arbeidstida si regulert etter skift- eller turnusplanar, eller på annan måte ikkje har fast arbeidstid og som følgje av dette har fri utanom helg, får erstatta møtedag på fridagen økonomisk etter reglane i pkt 5.1

5.1 Vederlag for tap av arbeidsinntekt

Folkevalde har rett på vederlag for tap av arbeidsinntekt som følgje av ombodet avgrensa til kr.1 122,- pr. dag (kr. 186,- pr. time).

Dersom inntektstapet er større enn 1 122,- pr. dag kan det betalast vederlag for legitimert inntektstap med inntil kr 3 368,- pr. dag.

Vederlag for tapt arbeidsinntekt er knytt til medgått møtetid og nødvendig reisetid.

5.2 Sjølvstendig næringsdrivande

Folkevalde som er sjølvstendig næringsdrivande eller utan fast lønsinntekt, har rett på vederlag for tap av arbeidsinntekt og /eller utgifter til avløysar med kr 1 122,- pr. dag. Dersom tapet er større enn dette, kan det på grunnlag av skriftleg dokumentasjon utbetalast vederlag med inntil kr. 3 368,- pr. dag. Tapet kan dokumenterast med likningsattest. Inntektstap vert utrekna etter netto årsinntekt (netto næringsinntekt) dividert på 240 dagar. Tapet kan og dokumenterast med attest over kostnadene med vikar.

5.3 Folkevalde med omsorgsansvar

Folkevalde med omsorgsansvar får etter rekning dekkja dokumenterte utgifter til naudsynt tilsyn.(innanfor satsar i pkt.5.1). Det er ein føresetnad at omsorgsansvaret elles ville ha hindra/gjort det vanskeleg for den folkevalde å delta på møte.

5.4 Unnateke for vederlag

Folkevalde som er tilsette i kommunal verksemd eller andre som opprettheld løna si under fråvær for å ivareta kommunale verv, får ikkje vederlag for tapt arbeidsforteneste. Ved slikt fråvær har vedkomande eining/arbeidsgivar rett til å krevje refusjon.

5.5 Avkorting av vederlaget

For møte som varer i meir enn 4 timar får ein dekkja inntektstap for heil dag (kr. 3 368,- / 1 122,-). For møte som varar i 4 timar eller mindre, får ein dekkja inntektstap med kr. 186,- for ulegitimert vederlag og maksimalt kr.420,- for legitimert vederlag.